

# Norsk Reiselivsmuseum vert skipa

**Redigert av Inger Marie von der Lippe**

Utdrag frå "Plan for etablering av Vestnorsk Reiselivsmuseum", 1988. Utarbeidd av Olav Aaraas, Göran Rosander og Gunnar Urtegaard.

## *Initiativet frå Arne Johnsen*

Framlegg om eit norsk reiselivsmuseum vart første gong teke opp i 1980. I reiselivskrinsar hadde ein då allereie i ei god stund drøfta trongen for oppretting av eit slikt museum, men utan at noko avgjerande initiativ var teke. Mellom dei som hadde vore inne på tanken var direktør Arne Johnsen i Norsk Folkeferie. Han meinte at Landslaget for Reiselivet burde setja ned eit snøgt arbeidande utval til å arbeida med saka.<sup>1</sup> I eit brev til dir. Tryggve Fitje<sup>2</sup> i Turisttrafikkomiteen for Bergen og Vest-Norge, la han ved "Synopsis for oppbyggingen av et Reiselivsmuseum".<sup>3</sup> Dette dokumentet var nærast å rekna som ein presentasjon av ulike utstillingstema, forma som ein kronologisk gjennomgang av norsk reiselivshistorie. Johnsen la vekt på at ein plan for eit eventuelt reiselivsmuseum måtte utarbeidast både i hovuddrag og detalj i eit samarbeid mellom museumsfolk og representantar for reiselivet. Han meinte det var viktig at ein sette i gang med innsamling og registrering av materiale straks.

Johnsen reflekterte også over kva for materialtypar innsamlinga burde konsentrera seg om. Han tenkte seg utstillingar oppbygde av heile rekonstruerte miljø (skyss-stasjon, sjøbuer, ferdabåt, fjording, lugar frå eldre rutebåt, hotellrom, dampskipsekspedisjon, osb.) Dessutan la han vekt på bruk av modellar av båtar, bilar, buss, jernbane og fly. Foto tenkte han seg som ein viktig del av utstillingane. Elles såg han det som ei løysing å bygge opp utstillingar ved hjelp av innlånte gjenstandar frå andre museum.

Allereie i denne første skissa av innhaldet i museet vart det lagt vekt på skriftlege kjelder som eit sentralt materiale. Johnsen meinte museet burde samla inn alle typar tabellar som angjekk reiselivsnæring, reiseskildringar og at det skulle opprettast eit bibliotek med reiselivslitteratur av ymse slag. Finansieringa av museumsprosjektet tenkte Johnsen seg løyst ved offentlege og private tilskot. Museet skulle ha heile landet som ansvarsområde, men det burde plasserast på Vestlandet, slik han såg det.

## *TTK stør framlegget frå Johnsen*

---

<sup>1</sup> Reiseliv, 1980:9.

<sup>2</sup> Brev frå Arne Johnsen av 14. april 1981, til Tryggve Fitje.

<sup>3</sup> "Synopsis for oppbyggingen av et Reiselivsmuseum", Arne Johnsen, 1981

Allereie før Johnsen har konkretisert sine tankar om eit reiselivsmuseum, får han støtte for tanken om oppretting av eit nasjonalt reiselivsmuseum av dir. Tryggve Fitje i Turisttrafikkomiteen for Bergen og Vestlandet (TTK).

Før Tryggve Fitje mottok brevet frå Arne Johnsen i april 1981, sette han i gang eit arbeid for å undersøke om museet kunne bli lagt til Bergen. Han tok kontakt med styret for Gamle Bergen Museum hausten 1980, men der hadde dei så stor plassmangel og lite personale, at dei ikkje kunne ta på seg ansvaret for ei så omfattande oppgåve. Deretter tok Tryggve **Fetje Fitje** kontakt med konservator Inger Marie von der Lippe, tilsett ved Vestlandske Kunstindustrimuseum, som tidlegare hadde hatt arbeid under hans leiing. Dei hadde fleire møter der dei drøfta kva som var realistisk å få til. Å bygge opp eit nytt museum var ikkje ei enkel sak, difor tok von der Lippe kontakt med fylkeskonservator Nils Georg Brekke i Hordaland fylkeskommune. Etter fleire samtalar fekk ho og Fitje råd om å etablere ei prosjektgruppe med ein prosjektleiar for å utforme ei utgreiing for eit reiselivsmuseum, kva det skulle innehalde, kvar det burde plasserast og med eit overslag til driftsbudsjett. Prosjektgruppa kunne søke fylkeskommunen om løyvingar til arbeidet. Tryggve Fitje spurde då om von der Lippe vil ta på seg arbeidet som prosjektleiar. Dette kunne ho ikkje, fordi ho ved sida av arbeidet sitt også arbeidde med eit forskingsprosjekt. Ho bad **Fetje** vente, men han meinte det hasta med å starte ei innsamling av alt reiselivsmateriale som elles lett kunne gå tapt.<sup>4</sup>

På eit møte i Bergen tok dir. Fitje kontakt med hotelldirektør Per Kvikne og drøfta saka med han. Han forsto med det same kva dette handla om, og så kor viktig eit dokumentasjonssenter/museum kunne bli for reiselivsnæringa. Etter den velvillige, men lunkne haldinga til å etablere eit reiselivsmuseum ved Gamle Bergen Museum eller ein annan stad i Hordaland, hadde dir. **Fetje** ikkje lengre problem med at museet ikkje vart plassert i Bergen.

Per Kvikne danna straks ei initiativ gruppe. Etter å ha vorte kontakta av initiativtakarane i Balestrand, gjekk dir. Fitje inn for at museet vart plassert der, av di dette vart det første positive lokale initiativet for å bygge opp eit reiselivsmuseum. Han fekk her kontakt med ei bygd som ønskte museet si etablering velkomen. Balestrand representert i tillegg ”det beste eksempel på et sted i Norge der reiselivet har vært grunnlag for utvikling i bygden”.<sup>5</sup>

Fitje slo vidare til lyd for at arbeidet med planlegging av museet måtte halda fram og at fylkeskultursjefen i Sogn og Fjordane, Lidvin Osland, måtte bli orientert om saka.

### ***Initiativet frå Balestrand i 1981***

Dei lokale initiativtakarane i Balestrand var ei gruppe på tre personar, eigar av Kviknes Hotel, Per Kvikne, styreformann i Balestrand og Fjærland Reiselivslag, Leif Grinde og førsteamanuensis Johs. B. Thue ved Sogn og Fjordane DH-skule. Denne gruppa tok i 1981 kontakt med fleire sentrale personar innanfor norsk reiseliv og la fram dei første planane. Det synta seg at det var stor oppslutnad om ideen. Etter drøftingar med m.a. fylkeskultursjefen i

---

<sup>4</sup> TTKdirektør Tryggve Fitje meinte det omfattande samtidshistorisk reiselivsmateriale rundt om på reiselivsdestinasjonane, hotella og andre reiselivsbedrifter, ikkje burde gå tapt for ettertida. Han trudde at dette verdifulle materiale truleg i nær framtid ville bli makulert.

<sup>5</sup> Brev frå Tryggve Fitje av 3. April 1981 til Arne Johnsen.

Sogn og Fjordane og distriktsantikvaren for Vestlandet, sende gruppa, gjennom Balestrand og Fjærland Reiselivslag, søknad om statlege midlar til utarbeiding av forprosjektet: "Vestnorsk Reiselivsmuseum i Balestrand".<sup>6</sup>

I denne søknaden, som ikkje vart stetta, grunn gav initiativgruppa tanken om oppretting av reiselivsmuseet, både ved å referera til reiselivet sin plass i saga til Balestrand og ved å syna til stortingsmeldinga: "Om kulturpolitikken i 1980-åra", der ein prioriterte museumsaktivitet knytt til arbeidslivet. Det er elles grunn til å merka seg at i denne søknaden er det ikkje lenger tale om eit nasjonalt, men eit vestnorsk reiselivsmuseum. På dette punktet har ein altså gått vekk frå Arne Johnsen sin idé om ein nasjonal, samlande institusjon. Det er ikkje presisert nærare kor stort geografisk område museet skulle dekkja eller korleis avgrensinga skal skje.

Gruppa tok sikte på at fleire eksisterande bygningar og miljø i Balestrand skulle gå inn i museet. Dette dreidde seg om forutan delar av Kvikne's Hotel også fleire av dei husa som høyrte til hotellet, slik som Cooperhuset, Knoffhuset og Lisahuset, forutan den gamle dampskipsekspedisjonen på kaia. Desse bygningane skulle takast vare på både som eit samla miljø frå turisttrafikken kring hundreårsskiftet og som bygningar med funksjon i museumsdrifta.<sup>7</sup>

Det vart lagt sterk vekt på at museet skulle driva forskning. Ein føresette difor at det vart planlagt eit reiselivsarkiv som ein del av museet. Dette arkivet skulle kunna nyttast av samfunnsforskarar, økonomar, historikarar og andre. Det vart ikkje presisert nærare kva slags kjeldetypar dette arkivet skulle innehalde. Museet var tenkt organisert som ei stifting, lagt inn under stønadsordninga for dei halvoffentlege musea. Alternativt opna ein for at museet vart ein del av De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum.

### ***1985/86 Reiselivsmuseet drøfta i samband med reguleringsplanen for Balestrand sentrum***<sup>8</sup>

I 1985 vart det klårt at hovudferjeleiet i Balestrand kommune skulle leggjast til Dragsvik utanfor sentrum. Samstundes var arbeidet med omlegging av riksvegen på det næraste fullført, slik at vegen også vart liggjande utanom sentrum. Desse endringane førte til trong for nyregulering av delar av Balestrand sentrum med innføring av ei rekkje nye sentrumsfunksjonar. Konsulentfirmaet Urheim A/S vart difor, med støtte frå Distriktenes utbyggingsfond (DUF), (DU) hausten 1985 engasjert til å føretaka ein konsekvensanalyse som grunnlag for framtidig arealdisponering og detaljregulering av området. I denne analysen inngjekk også eit skisseframlegg til innhald og utforming av reiselivsmuseet.

Konsulentfirmaet såg først og fremst museet som ein ressurs for utvikling av Balestrand som turismål. Som del av målsetjinga for museet meiner ein at museet skulle vera "kjernen" i eit rekreasjons- og aktivitetssenter i Balestrand.

---

<sup>6</sup> Søknad til KVD datert 17. nov. 1981

<sup>7</sup> Den gamle dampskips ekspedisjonen er i dag kalla Kaihuset og vart bygd på 1880-talet, Cooperhuset ligg i dag to hus innom og vart bygd i 1906. Fram til 1918 var det berre desse to husa som sto på kaien. Brev til Arne Johnsen av 3. april 1981. Søknad datert 17. nov. 1981

<sup>8</sup> Reguleringsplan for Balestrand sentrum. Skisseframlegg frå konsulentfirmaet Urheim A/S, 1985/1986.

Av faglege oppgåver vart det lagt vekt på at museet skulle dokumentera, ta vare på og formidla den typiske vestnorske reiselivshistoria. Vidare vart det særleg nemnt at museet skulle driva forskning på reiselivshistorie. Det vart ikkje nærare presisert korleis dette skulle skje, men det vart føreslege at det skulle knytast forskarstillingar til museet, evt. som eit samarbeid med Sogn og Fjordane DH-skule og De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

I denne skissa gjekk ein og ut frå at museet skulle ha Vest-Noreg som arbeidsområde, men dette vart ikkje nærare spesifisert. Museet skulle få ei desentralisert utforming, i bygg som var i drift og samstundes skulle kunna nyttast til museumsføremål. Museet skulle altså ikkje berre vera eitt fysisk anlegg, men bestå av fleire eldre hus. Delar av anlegga til Kvikne's Hotel vart nemnde særskilt. Det vart likevel gjort framlegg at det skulle reisast eit nytt bygg for oppbevaring og formidling av bøker, bilete og rekvisita som elles ikkje høyrte saman med eksisterande bygningar og anlegg. Utstillingane skulle i følgje dette dokumentet i hovudsak dekkja desse områda: Utviklinga innan ferdsel og reisemåte, utviklinga av overnattingsstadene, folk sine reisevanar og Vest Noreg som turistmål.

### ***Statsråd Lars Roar Langslet sine tankar om museet i april 1986***

Under landskonferansen om kultur og reiseliv i Loen i april 1986 fekk initiativgruppa høve til å leggja fram planane sine for dåverande kultur- og vitskapsminister Lars Roar Langslet. Statsråden vart m.a. førelagt idéskissa frå konsulentfirmaet Urheim A/S. Leif Grinde hadde samanfatta statsråden sine synspunkt i eit notat.<sup>9</sup> Statsråden kjende ikkje til at det låg føre andre planar om permanente, nasjonale reiselivsmuseum, og han såg positivt på planane. Han antyda to ulike modellar:

Museet blir profilert som eit bransjemuseum. Dette ville innebera ei nær tilknytning til reiselivsorganisasjonane og til Samferdselsdepartementet som har ansvaret for denne næringa.

Ein meir tradisjonell profil med primær tilknytning til Kultur- og vitskapsdepartementet. Statsråd Langslet konkluderte med at ein i det vidare planleggingsarbeidet skulle søka kontakt med KVD. Vidare burde det faglege tilsynet med museet i ein startfase verta lagt til eit allereie etablert museum i distriktet.<sup>10</sup>

### ***Statens museumsråd si innstilling av 24. juni 1986***

Etter denne oppmodinga frå statsråd Langslet, tok initiativgruppa kontakt med Kultur- og vitskapsdepartementet. Dei oversende saka til Statens museumsråd, som var rådgjevande organ for departementet i museumssaker.<sup>11</sup> Rådet vart bedt om å vurdera planane, særleg følgjande spørsmål: Vil det vera naturleg å organisera dokumentasjon av reiselivssoga som ein eigen institusjon eller burde dette knytast til eit eksisterande museum? Låg det føre liknande planar andre stader i landet som det vil vera naturleg å samanlikna Balestrandalternativet med?

---

<sup>9</sup> Notat frå Leif Grinde av 11. april 1986.

<sup>10</sup> Næraste etablerte museum var De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Kaupanger.

<sup>11</sup> Skriv trå KVD til SMR av 18. april 1986.

Etter ei vurdering av dei føreliggjande planane og ei synfaring i Balestrand 12.-13. juni 1986, la museumsrådet fram ei innstilling om saka for departementet.<sup>12</sup> Hovudinnhaldet i innstillinga var følgjande: "Museumsrådet er positive til planane. Generelt meiner rådet det er viktig at arbeids- og næringsliv blir dokumentert på denne måten, dessutan har reiselivsnæringa hatt stor tyding for landet, og ingen av dei eksisterande musea har gjeve ei samla framstilling av denne næringa."

Rådet viser til at organisasjonar innanfor hotell- og restaurantbransjen arbeidde med planar om eit Norsk Reiselivsmuseum, i form av eit sentralt dokumentasjonssenter som ville kunne føra til nyttig registrering av dei mange verdiar som fins i våre hotell. I motsetnad til eit slikt dokumentasjonssenter (som rådet ikkje gav nærare råd om), meiner rådet at museet i Balestrand vil kunna bli eit levande museum i eit område der det framleis er stor turistaktivitet.<sup>13</sup>

Det vart lagt vekt på at museet måtte innpassast i ein fornuftig museumsstruktur. I tråd med rådet si innstilling til organisering av museumsvesenet i Noreg, meinte rådet at museet måtte søkja samarbeid med andre turiststader på Vestlandet og med nærliggjande etablerte museum. Frå desse musea måtte museet henta ekspertise til ulike område av drifta. Ei slik samordning skulle ha som føremål å sikre ei best mogeleg drift. Samstundes skulle samordninga ha som føremål å sikre ei best mogeleg utnytting av ressursane. Særleg med omsyn til forsikring, måtte museet inngå avtalar med aktuelle samarbeidspartnarar. Museumsrådet streka under at naturtilhøva er sjølve grunnlaget for reiselivsnæringa. Det naturhistoriske fagområdet måtte difor naturleg inngå i verksemda ved museet .

Rådet såg også føre seg eit mønster med eit reiselivsmuseum for dei ulike landsdelane og eit sentralt dokumentasjonssenter. Museet i Balestrand burde såleis bygga opp ein lokal database som seinare kunne knytast til ein sentral institusjon, dersom ein slik vart oppretta.<sup>14</sup> På grunnlag av det her som vart omtalt burde eit reiselivsmuseum i Balestrand kunna verta eit interessant eksperiment, konkluderte rådet.

Statens museumsråd såg også reiselivsmuseet som eit nyttig instrument for Norske Museers Vandreutstillingar.<sup>15</sup> Utsending av vandreutstillingar for supplering med lokalt materiale vil kunne vera ein god måte å registrera nytt materiale på, meinte rådet, som ikkje ønskte å ta

---

<sup>12</sup> Innstilling frå Statens museumsråd av 24. juni 1986.

<sup>13</sup> Eit slikt dokumentasjonssenter er ikkje oppretta, men det har vore utarbeidd fleire planar for eit slikt, mellom anna er det inngått ein intensjonsavtale om samarbeid mellom Fylkesarkivet for Sogn og Fjordane og Norsk Reiselivsmuseum, 2003/2003.

<sup>14</sup> I dag er Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ein slik institusjon med det nye arkivmagasinet, som vart opna 2006.

<sup>15</sup> *NMVU-Vestlandsprosjektet. Eit Prøveprosjekt for desentralisert utstillingssamarbeid*, 1991/1992, Sigrid Kaland og Inger Marie von der Lippe.

Straks museumsrådet kom i arbeid i 1978 tok det til å arbeida på innstilling om ei nasjonal vandreutstillingsverksemd. Eit prinsippnotat vart oversendt KVD i 1980. Det gjekk dei same år bort frå. SMR tok difor i 1980 til å med å få etablert ein desentralisert institusjon "Norske Museers Vandreutstillingar", med mål å nå breiare ut til folk med kulturarven som låg samla i norske museum. To prøveprosjekt vart sett i gang. NMVU-Vestlandsprosjektet (1988-1991) vart initiert av Lidvin Osland, prosjektleiar var Inger Marie von der Lippe. Det vart skriva ei utgreiing om prosjektet.

stilling til dei økonomiske sidene ved prosjektet før det låg føre fullstendig plan- og organisasjonsform for museumsprosjektet.

### ***Den naturhistoriske delen av eit reiselivsmuseum***

Etter at Statens museumsråd hadde lagt sterk vekt på den naturfaglege delen av eit reiselivsmuseum, førte initiativgruppa samtalar med konservator Natascha Heintz om innhaldet i ei slik avdeling. Hennar synspunkt er oppsummert i eit internt notat.<sup>16</sup> Heintz meinte ein burde leggjast vekt på ei naturhistorisk avdeling i museet. Denne måtte ha som målsetting å synleggjera det naturhistoriske grunnlaget for framveksten av ei vestnorsk reiselivsnæring. Ho la vekt på følgjande element:

Isbreane som framleis er levande og sterke element i naturen. Utstilling av bre utstyr (gamalt og nytt), samarbeid med Den Norske Turistforeining, kombinert med informasjon om farane med fjell og brear. Skredene var eit anna levande naturelement som stadig tek seg oppatt, år etter år. Kvifor kjem skredene? Kva har dei hatt å seia for busettingsmønsteret? Tradisjon knytte til skredene, dyre- og planteliv, skredene sin plass i det gamle driftsmønsteret var andre aktuelle tema. Arboretet på Lunde meinte Heintz med fordel kunne knytast til museet.<sup>17</sup> Det vitskaplege personale til denne delen av museet ville måtta ha kompetanse innan geomorfologi, kvartærgeologi og i nokon grad botanikk. Eit samarbeid med DH-skulen vart antyda som mogeleg løysing.<sup>18</sup>

### ***Dokumentasjon knytt til reiselivsmuseet<sup>19</sup>***

I eit notat til initiativgruppa, la fylkesarkivar Gunnar Urtegaard 5. aug. 1986 fram ein del tankar om innhald og organisering av eit dokumentasjonssenter for reiseliv som ein del av reiselivsmuseet. I notatet vart det lagt vekt på følgjande: Fylkesarkivet ville stø tanken om eit dokumentasjonssenter og var i utgangspunktet positivt til eit samarbeid om dette.

Under planlegginga av arkivet måtte det leggast vekt på å nå eit høgt fagleg nivå og å dekkja eit breitt kjeldespekter. Det vert nemnt fleire kjeldekategoriar, både munnlege, prenta, uprenta, foto og bildande kunst. Forutan å samla inn, burde arkivet også registrera materiale som fans utanfor institusjonen.

I den vidare planlegginga måtte det avklårast kva for geografisk område senteret skulle dekke. Sjølv om dokumentasjonssenteret og Fylkesarkivet kan samarbeide og utfylla kvarandre på fleire felt, m.a. på EDB—sida. Det måtte vera eit krav at dokumentasjonssenteret hadde eiga bemanning som kunne ha ansvaret for samlingane. Det fans likevel mange aktuelle samarbeidsoppgåver, som særlege prosjekt, samarbeid om fotoregistrering, osb. Fylkesarkivaren var ope for drøftingar om dette.

### ***Styret for De Heibergske Samlingar stilte seg positive til samarbeid***

---

<sup>16</sup> Notat frå initiativgruppa frå møte 28. juli 1986.

<sup>17</sup> Notatet grunnjev ikkje nærare ei slik tilknytning.

<sup>18</sup> Det går ikkje fram om museet skal vera tillagt forskingsplikt innanfor desse fagområda, eller om dette personalet berre er tenkt å ha oppgåver innan formidling.

<sup>19</sup> Notatet frå fylkesarkivar Gunnar Urtegaard av 5. august 1986.

På bakgrunn av innstillinga frå Statens museumsråd, der ein bad om at reiselivsmuseet måtte gå inn i nært samarbeid med eksisterande museum i distriktet, gjorde styret ved De Heibergske samlinger på møtet 7. August 1986 eit slikt vedtak<sup>20</sup>:

”Styret for De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum stiller seg positivt til tanken om eit reiselivsmuseum i Balestrand og vil gjerne drøfta eit organisatorisk samarbeid med eit slikt museum. Ein ber interimstyret for reiselivsmuseet koma med nærare framlegg til organisasjonsplan og tilknytingsform.”<sup>21</sup>

### ***Reiselivsmuseet vart omtala i budsjettinnstilling frå Kyrkje- og undervisningskomiteen***

I innstillinga frå Kyrkje- og undervisningskomiteen om løyvingar på statsbudsjettet for 1986 – 1987 vart det særskilt understreka at komiteen såg positivt på at det var skipa fleire arbeidslivsmuseum dei siste åra. Komitémedlemane frå Høgre viste til at det i Balestrand skulle etablerast eit museums- og dokumentasjonssenter for reiselivet.

### ***Initiativgruppa søkte fylkeskommunen om oppretting av Vestnorsk reiselivsmuseum som ein del av den fylkeskommunale museumsverksemda***

Initiativgruppa under namnet Arbeidsgruppa for Vestnorsk Reiselivsmuseum, sendte søknad til fylkeskommunen<sup>22</sup>, om å få museet inn under fylket sitt museumsbudsjett frå 1. januar 1987. I denne søknaden samla gruppa dei tankane som til då var komne fram om føremål og innhald i reiselivsmuseet i følgjande punkt:

1. Museet skal syna framveksten av reiselivsnæringa og plassera denne næringa i ein næringshistorisk samanheng.
2. Det skal byggjast opp eit moderne dokumentasjonssenter for reiselivs næringa.
3. Museet skal syna samspelet mellom turistnæringa, spesielle naturovringar og aktiv kunstutfalding gjennom kunstmåling og fotografering.
4. Museet skal ta vare på delar av det bygningsmiljøet som vart skapt i samspelet mellom kunstutfaldinga og reiselivsnæringa.
5. Museet skal driva forskning på reiselivshistoriske emne og etablera kontaktar med det internasjonale reiselivshistoriske forskingsmiljøet.
6. Museet skal byggja opp kompetanse til å laga vandreutstillingar med emne frå reiselivet og dei spesielle naturovringane på Vestlandet.
7. Arbeidsgruppa tenkjer seg at museet skal vera ein overbygning over fleire særprega bygg og institusjonar, t.d. Den Engelske kyrkja i Balestrand, Arboretet på Lunde, kulturløypa i Balestrand, Kong Bele-statua som keisar Wilhelm reiste, osv.

---

<sup>20</sup> Vedtak i styret DHS-SF av 7.august 1986.

<sup>21</sup> Norsk Reiselivsmuseum vart konsolidert med De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, gjeldande frå 01.01. 2007.

<sup>22</sup> Søknad frå Initiativ gruppa for vestnorsk Reiselivsmuseum av 18. August 1986 til fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, fylkeskulturutvalet.

8. Museet skal vera ei avdeling under De Heibergske Samlinger Sogn - Folkemuseum, dette for å få forankring til eit godt fagleg miljø og for å spara administrasjonsutgifter.
9. I oppstartingsfasen skal det opprettast ei referansegruppe som skal gje museet faglege impulsar.

Ein la dessutan fram eit utkast til driftsbudsjett og stillingsstruktur, bygd på framlegg frå styraren ved De Heibergske Samlinger, Olav Aaraas. Ein bad også om midlar til å løna ein prosjektleiar for å leia oppstartingsarbeidet. Ein av hans oppgåver skulle vera å tinga med Møre og Romsdal, Hordaland og Rogaland fylkeskommunar om deltaking i reiselivsmuseet. Med dette hadde ein også gjeve ei antyding av museet sitt geografiske ansvarsområde.

### ***Innstillinga frå fylkeskultursjefen av 13. oktober 1986***

På grunnlag av søknaden frå arbeidsgruppa la fylkeskultursjefen fram si innstilling til fylkeskulturutvalet. Han sluttar seg i hovudsak til hovudpunkta i søknaden, men gjorde framlegg om desse endringane:

Reiselivsmuseet bør etablerast som sjølvstendig eining, ikkje som avdeling under De Heibergske Samlinger. Slik vil museet kunna bli eit av dei større spesialmusea vi har.

Museet bør etablerast som stifting og dermed som sjølvstendig juridisk person. Dette skal gjelda under etableringsfasen. Seinare, når museet er i ordinær drift, skal ny organisasjonsform takast opp til vurdering.

Fylkeskultursjefen fann at planane for Vestnorsk Reiselivsmuseum var i godt samsvar med måla for den fylkeskommunale kulturpolitikken på dette området. Han tilrådde at museet vart godkjent som ny eining innanfor tilskotsordninga for halvoffentlege museum i Sogn og Fjordane, men fann ikkje rom for ordinære driftsmidlar i 1987. Derimot gjekk han inn for at det for 1987 vart løyvd prosjekteringsmidlar og at prosjekteringsansvaret vart tillagt De Heibergske Samlinger. Han fann det aktuelt å søkja om statstilskot innanfor tilskotsordninga for halvoffentlege museum, så snart KVD kunne innarbeide dette i sitt arbeid med statsbudsjettet.

### ***18. november 1986: Stiftinga for reiselivsmuseum i Balestrand vart skipa***

Etter at fylkeskultursjefen i si innstilling hadde tilrådd at museet under planleggingsperioden skulle organiserast som ei stifting, vart stiftinga for reiselivsmuseum i Balestrand skipa 18. november. Til stiftingskapitalen deltok Balestrand kommune, Balestrand Sparebank, Kvikne's Hotel, Johs. B. Thue og Leif Grinde. Til styre vart valt representantar for dei fem innskytarane. Formann i styret vart Leif Grinde.

I vedtektene til stiftinga vart det bestemt at museet under oppstartinga skulle halda til i Cooperhuset, Bom-Bom-huset og Kaiplassen. Føremålet med stiftinga skulle vera å førebu og å medverka til skiping av eit reiselivsmuseum i Balestrand. Så snart museet var kome i drift, skulle stiftinga oppløysast. På skipingsmøtet vart det og vedteke at ein skulle starta forhandlingar med sikte på kjøp av Kaihuset. Slike forhandlingar kom i gang i januar 1987.

### ***Søknad om midlar til forprosjekt og Fylkeskulturutvalet løyver midlar til prosjektet***

Stiftinga for reiselivsmuseum i Balestrand sende søknad om midlar til endeleg forprosjekt 31. januar 1987, til fylkeskulturutvalet i Sogn og Fjordane. Søknaden omfatta både den reint faglege utgreiinga, sekretariatsfunksjonar under førebuings arbeidet, skissepresentasjon av prosjektet ved arkitekt og i tillegg til kjøp av eksisterande bygningar. I finansieringsplanen la ein opp til ei deling mellom fylket, Norsk kulturråd og Kultur- og vitskapsdepartementet. Samla søknadssum var på kr. 292.000 til førebuingsarbeidet og kr. 380.000 til investeringar i hus og anlegg.

I samråd med fylkeskultursjefen hadde ein gjort avtale om at Olav Aaraas skulle stå som ansvarleg leiar av den fagleg / tematiske delen. Aaraas hadde som grunnlag for søknaden utarbeidd ein detaljert disposisjon over innhaldet i forprosjektet.

I si innstilling til kulturutvalet slo fylkeskultursjefen fast at dei framlagde planane var eit tenleg utgangspunkt for vidare arbeid og at dei gav godt nok grunnlag for økonomisk medverknad frå fylkeskommunen. Han la m.a. vekt på at det var styraren for Sogn Folkemuseum som skulle ha ansvaret for den fagleg / tematiske delen av forprosjektet. Fylkeskultursjefen fann det rimeleg at Balestrand kommune også tok del i driftsutgiftene til forprosjektet, og tilrådde difor ei løyving på kr.192.500. Dette framlegget vart vedteke av utvalet.<sup>23</sup>

### ***NKKM gjekk i mot skiping av Vestnorsk Reiselivsmuseum***

I 1987 gjekk Statens Museumsråd inn for eit reiselivsmuseum for kvar landsdel. I eit møte 22. mai 1987 drøfta Statens Museumsråd igjen planane om reiselivsmuseet, med bakgrunn i eit initiativ for å få skipa eit Norsk Reiselivsmuseum på Lillehammer. I eit brev til departementet av 9.juni s.å. understreka rådet behovet for samarbeid om museumsprosjekt innan same bransje og går imot planane om eit nasjonalt museum.<sup>24</sup>

NKKM imøtegjekk Statens museumsråd i denne saka. Denne fråsegna frå museumsrådet, vart handsama av Norske Kunst- og kulturhistoriske museer sitt styre i eit møte 13. oktober 1987. I eit brev til Statens Museumsråd av 3.11.87 imøtegår dei rådet sine synspunkt. NKKM såg det som positivt at ei viktig næring som reiselivet vart dokumentert, men meinte at dette burde skje i regi av dei eksisterande lokale musea, som ein del av det totale bilete desse musea skulle presentera. Dei frykta at for stor oppdeling i spesialmuseum kunne føra til at viktige samanhengar i det lokale miljøet vil gå tapt. Ein meinte likevel det burde etablerast kontakt mellom desse musea og reiselivsnæringa på landsplan for å etablera eit forum for landsdekkande dokumentasjons- og formidlingsverksemd, på same vis som for arbeidet med samtidsdokumentasjonen. Styrking og vidareutvikling av eksisterande miljø måtte prioriterast framfor etablering av nye spesialmuseum, hevda NKKM og viste i skrivet til si melding om strukturering av det norske museumsvesenet.

### ***Utgeiingsarbeidet vart gjennomført***

---

<sup>23</sup> Fylkeskulturutvalet, sak 11/87.

<sup>24</sup> Sitat: " Statens museumsråd mener at den aktuelle sak bør løses ved at det opprettes reiselivsmuseer for de ulike landsdeler som likeverdige institusjoner, i likhet med sjøfartsmuseene og kunst- og industrimuseene." brev til KVD 09.06.87.

Etter at Stiftinga for reiselivsmuseum i Balestrand hadde fått løyving frå fylkeskommunen til eit utgreiingsarbeid og ein fagleg plan for museet, vart arbeidet med ei utgreiing sett i gang.<sup>25</sup>

Styraren ved De Heibergske Samlinger, Olav Aaraas, fekk ansvar for arbeidet. Seinare vart Göran Rosander, professor i etnologi i Uppsala/Oslo og Gunnar Urtegaard fylkesarkivar ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, trekte inn i arbeidet.

Løyvinga frå fylkeskulturutvalet var basert på at reiselivsmuseet skulle skipast og leggjast inn under den statlege tilskotsordninga for halvoffentlege museum. Arbeidsgruppa såg det difor ikkje som si oppgåve å argumentera for eller imot ei slik etablering. Dei la hovudvekt på å definera arbeidsområda til eit Vestnorsk Reiselivsmuseum og å utarbeida ein konkret plan for det faglege innhaldet. Gruppa såg og på kva konsekvensar dette kunne få med omsyn til bygningar, stillingar, driftsutgifter m.m. Denne delen vart forma som ein utbyggingsplan for museet.

Olav Aaraas, Göran Rosander og Gunnar Urtegaard sto saman ansvarlege for det endelege utkastet, som vart levert 17.12.1987.<sup>26 27</sup>

### **Etterord:**

Det gjekk over 7 år frå ideen i 1980 om å etablere eit norsk reiselivsmuseum tok form, til det vart skipa ei stifting for museet, då som Vestnorsk Reiselivsmuseum, og ein fekk løyvingar til å utarbeide ein plan for museet.

Ingen hadde vel trudd i 1987 at det skulle ta 20 år med planarbeid, tallause utteikningar av museumsbygg og like mange søknader om løyvingar for å få skaffe eit eldfast nybygg til museet. Først no, hausten 2007 står eit første byggetrinn ferdig til å ta i bruk. Eit andre byggetrinn er under utarbeiding av arkitektane Askim og Lantto.

I denne framstillinga har vi teke utgangspunkt i dei historiske fakta som ligg føre frå arbeidet som vart utført 1980 – 1988 for museet. Dette ser vi som ei interessant historie, som fleire i den seinare tid har etterspurt. Ser ein på innhaldet i dei planane det vart arbeidd med den første tida, kan vi sjå at alt som var sett fram som gode løysingar i 1980 -88, framleis står vedlag.

I 2001 endra Vestnorsk Reiselivsmuseum namn attende til Norsk Reiselivsmuseum. I 2007 vart museet i Balestrand konsolidert med De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, slik det vart gjort framlegg om i 1987. Det vert nå oppretta ei ny stifting for dei to musea og ein konsolideringsavtale vart inngått i desember 2006, i verksett i januar i år. I dag er museet konsolidert under namnet: De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum avdeling Norsk

---

<sup>25</sup> I sak 11/87 løyvde fylkeskulturutvalet kr. 192.500 til utarbeiding av ein fagleg plan for museet.

<sup>26</sup> *Plan for etablering av Vestnorsk Reiselivsmuseum*, Aaraas Olav, Göran Rosander og Gunnar Urtegaard,1988.

<sup>27</sup> Tillegg i planen er utarbeidd av Arne Melkild, Balestrand, vedlegg 1 som omhandlar kunstnarane i Balestrand. Johs. B. Thue, Balestrand, leverte opplysningar til bygga museet har på kaien og til utkastet til vedtekter.

Reiselivsmuseum. Musea har eitt styre og reiselivsmuseet har difor fått sitt styre erstatta med eit reiselivsfagleg råd. Det er oppretta ein avtale om samarbeid mellom Norsk Reiselivsmuseum og fylkesarkivet, og intensjonsavtalar med forskingsinstitusjonar til dømes Universitetet i Stavanger. Reiselivsorganisasjonane i landet ser i dag på museet som eit bransjemuseum og dokumentasjonscenter for næringa.

Ein veit framleis ikkje kor tid eit andre byggetrinn, som utgjer eit fullt utbygd museum kan stå ferdig.